



--

Arkiv saknr:	2020/1869
Løpenr.:	14182/2021
Arkivkode:	K20

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet	25.08.2021	21/109
Kommunestyret	15.09.2021	21/67

Sakshandsamar: Anne-Sofie Bergene Strømme

Klimarekneskap for 2020

Vedlegg:

- 1 Klimarekneskap_Vinje kommune 2020
- 2 030221 Klimaregnskap_1 VTFK

Dokument i saka:

Klimarekneskap 2019, 18.06.20 sak 20/53

Bakgrunn:

Kommunestyret vedtok i «*budsjettvedtaket for 2020*» dato 12.12.19 - sak 19/38, at administrasjonen skal gjera eit klimarekneskap for kommunens drift. Vidare har Vinje kommunestyre 15.04.21 i sak 21/26 «*Plan for klima og berekraft*» vedteke at det årleg skal førast klimarapportering (klimarekneskap og klimabudsjett) for kommunens drift.

Administrasjonen er ein del av «*Klima og energi nettverket*» med Vestfold og Telemark fylkeskommune, der kommunen blant anna har bunde seg til å rapportere klimarekneskap for eigen verksemd. Frist for rapportering til fylkeskommunen var 01.06.21, men Vinje kommune har fått utsett rapporteringsfristen for å handsame klimarekneskapet for 2020 i plan og miljøutvalet og kommunestyret.

Vurdering:

Administrasjonen førte eit enkelt klimarekneskap i 2019 for heile kommunen medan me venta på ein mal frå fylkeskommunen. Det var fyrste steg i ein prosess for å få på plass ei meir permanent og innhaldsrik rapportering på dette området.

I 2020 har administrasjonen nytta malen til fylkeskommunen, denne er godkjent etter GHG-protokollen (green house gas protokollen). Malen var klar til bruk i starten av 2021.

Administrasjonen har henta inn tal frå 2019 for å få eit samanlikningsgrunnlag, sidan året

2020 har vore eit ekstraordinært år med tanke på pandemisituasjonen, og 2020-tala gav difor ikkje det beste utgangspunktet for normal drift.

Det er henta inn dei nyaste utsleppstala frå Miljødirektoratet som føreligg per 2019. Vidare er det henta inn tal på forbruk på kWh frå Rauland kraft og Vest-Telemark kraft, mengde restavfall i kg frå Renovest og Norsk Gjenvinning, drivstoff-forbruk frå Leaseplan Norge, Circle K, Esso og Yx, samt henta inn tal på km som er køyrd på driftskontraktar på brøyting og strøing.

Det har vore eit omfattande og tidkrevjande arbeid. Administrasjonen ser det heilt naudsynt å få betre rutinar og krevje levering av årsrapportar frå dei ulike leverandørane på nyåret, samt setje krav til klimarapportering i nye driftskontraktar/anbod.

Informasjonen er heilt essensiell for miljøleiing, og må føreliggje i god tid før klimarekneskapet skal ferdigstillast. Einingsleierane har ansvar for å syte for at det dei får tilsendt blir ført inn i klimarekneskapet.

Dei interkommunale selskapa Renovest og Kvito er unnateken årets rekneskap grunna avgrensa tid til innsamling av data. Det bør vurderast å inkludere desse for neste års klimarekneskap, under klimafokus 3, sidan det er eit indirekte utslepp i kommunal drift. Kommunen eig ein del av selskapa, og såleis utgjør det ein del av kommunens klimafotavtrykk. Kvito er i gang med miljøfyrtårn-sertifisering og det vil vere enklare å hente ut samla utslepp av deira drift når dette er etablert.

Rådmann held på å sertifisere kommunen som miljøfyrtårn, og vil då føre årleg klima og miljørapport for dei ulike einingane. Denne rapporten resulterer i eit klimarekneskap som er godkjent etter GHG-protokollen. Alle einingane får ut klimarekneskap for si eining, i tillegg vil kommunen som hovudkontor (administrasjonen) få ut eit samla klimarekneskap og miljøoversikt for alle einingane.

Miljøfyrtårn er eit nasjonalt miljøleingssystem for å vise samfunnsansvar og miljøinnsats (berekraft). Miljøfyrtårnssystemet er eit digitalt verktøy for private og kommunale verksemdar som bidreg til å finne fram til miljø- og klimatiltak som er konkrete, målbare og lønsame.

Omdisponering av karbonrike areal (myr, skog, beitemark, mm.) utgjør ein stor faktor av utsleppet i kommunen. Det bør førast eit årleg arealrekneskap som inkluderast i klimarekneskapet til kommunen, under klimafokus 3.

Rådmannens framlegg til vedtak:

- **Klimarekneskap for 2020 blir tatt til orientering.**
- **Rådmann følgjer opp punkta i avsnittet «Kva kan kommunen gjere for å nå målet med 60 % CO₂-utslepp innan 2030?» i klimarekneskapet for 2020.**
- **IKS-ane vurderast å tas med i klimarekneskapet frå 2021.**
- **Det må setjast krav til årsrapport frå dei ulike leverandørane og krav til klimarapportering i nye driftskontraktar/anbod.**
- **Det skal årleg førast arealrekneskap som vert inkludert i klimarekneskapet.**

Rådmannen,
Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 25.08.2021:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

- **Klimarekneskap for 2020 blir tatt til orientering.**
- **Rådmann følgjer opp punkta i avsnittet «Kva kan kommunen gjere for å nå målet med 60 % CO₂-utslepp innan 2030?» i klimarekneskapet for 2020.**
- **IKS-ane vurderast å tas med i klimarekneskapet frå 2021.**
- **Det må setjast krav til årsrapport frå dei ulike leverandørane og krav til klimarapportering i nye driftskontraktar/anbod.**
- **Det skal årleg førast arealrekneskap som vert inkludert i klimarekneskapet.**

Saksordførar: Nils Johan Garnes

Handsaming i Kommunestyret 15.09.2021:

Framlegget frå plan- og miljøutvalet blei samrøystes vedteke.

- **Klimarekneskap for 2020 blir tatt til orientering.**
- **Rådmann følgjer opp punkta i avsnittet «Kva kan kommunen gjere for å nå målet med 60 % CO₂-utslepp innan 2030?» i klimarekneskapet for 2020.**
- **IKS-ane vurderast å tas med i klimarekneskapet frå 2021.**
- **Det må setjast krav til årsrapport frå dei ulike leverandørane og krav til klimarapportering i nye driftskontraktar/anbod.**
- **Det skal årleg førast arealrekneskap som vert inkludert i klimarekneskapet.**